

# No lagar elva energi

■ Grøslandselva kraftverk opna ■ Kunne ha vore tre gonger større

90 år etter dei første utbyggingsplanane produserer Grøslandselva i Flå straum.

ARNE O. LINDAHL  
aol@hallingdolen.no

Tidlegare har elva gitt kraft til sagbruk og vore fløytingselv. Måndag opna Grøslandselva kraftverk, som produserer straum som utgjør forbruket til 445 husstandar.

Ordførar Tor Egil Buøen fekk æra av å trykke på knappen og sette Pelton-turbinen i drift.

– Det er første gongen eg er med på noko slikt. Interessant, sa skiskyttarstjerna Tarjei Bøe.

Han var på sitt første oppdrag for sponsoren sin, Småkraft, og stilte opp i trappa ned til turbinen saman med ordførar Buøen.

## Tok eit oppgjør

Flå-ordføraren var fornøgd. For småkraftverket til 38 millionar som selskapet Småkraft står bak gir skatteinntekter til kommunen.

– Dette kraftverket aleine gir 100.000 kroner i eige-domsskatt til kommunen. Dei fem småkraftverka som no er i Flå gir i underkant av ein halv million i eige-domsskatt til saman, sa Buøen.

Men ordføraren brukte opningstala til også å ta eit oppgjør med dei som er imot kraftutbygging, men likevel avhengig av straumen desse produserer. Kraftutbygginga i Grøslandselva kunne nemleg ha vore betydeleg større. Men styresmakterne sa nei til eit kraftverk nummer to lenger oppe i elva. Då var det snakk om ei samla utbygging på 35 GWh, kraftverket som vart bygd har ein produksjon på 8,9 GWh.

– Eg veit ikkje om dei som pratar om det grøne skiftet forstår kva det er. Det handlar om fornybar energi. Det er rart når ein er MOT utbygging, men FOR bruk. Altså: Dei vil bruke straumen, men er imot utbygging av vatn og vindkraft, sa Buøen.

## Leiger fallrettane

Grøslandselva kraftverk er eit resultat av eit samarbeid mellom Småkraft og fleire grunneigarar.

– Me vurderte i si tid å bygge ut sjølve, men kom til at det var ein for stor risiko. Det var snakk om ei investering på eitt hundre millionar, seier ein av grunneigarane, Bent Solberg.

Løysinga vart at grunneigarane leiger bort fallrettane til utbyggjaren Småkraft. Men utbygginga kunne altså ha vore tre gonger større.

– Her kunne det ha vorte bygd ut utan store inngrep, og så er det berre ein tredel som blir utnytta, sa ordførar Buøen i opningstalen.



DRIFT: Grøslandselva kraftverk er teken i bruk.



GIR INNTEKT: Grunneigarane leiger ut fallrettane til Småkraft. Frå venstre Ørnulf Tollefsen, Bent Solberg og Kolbjørn Ødegård. Dei andre grunneigarane er Henrik Brunnes og Martin Brenno.



SMÅKRAFT: Grøslandselva kraftverk vil gi eit fint bidrag til kraftproduksjonen i Norge.

Grøslandselva har i alle tider vore ein naturleg tilhaldsstad for fossekalen, nasjonalfuglen vår. Dette er det teke omsyn til.

Det vart sett i gang eit eige fossekalprosjekt der skuleelevar i Flå snikkerte fuglekasser og sette desse opp på strategiske stader under kyn-

dig rettleiing av ein ekspert på fossekalen.

## – Under press

Grøslandselva kraftverk får vatn frå eit nedbørsfelt på 56 kvadratkilometer.

Inntaket er ein bogedam, og vassvegen strekkjer seg 940



INTERESSERT: Skiskyttarstjerne på opninga, Tarjei Bøe, i maskinhallen saman med ordførar Tor Egil Buøen.

meter ned til kraftverket i dalbotnen. Stasjonen utnyttar eit fall på 203 meter. Minstevassføringa om vinteren er 90 liter i sekundet, om sommaren 150 liter.

Grøslandselva kraftverk er det tredje kraftverket til Småkraft i Hallingdal, dei to andre ligg i Nes.

– Kraftutbygging og det systemet me har i Norge ved at ein del av verdiskapinga blir att lokalt er den viktigaste distriktsutbygginga her i landet. Men dette systemet er under press, sa ordførar Buøen, då han opna det nye kraftverket i Flå.